



Arkiv: FA-P, FA-P01,
HIST-F18/555
**Journalpost
ID:** 26/50078
**Sakshandsa
mar:** Frida Rogne
Dato: 06.08.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Styret i Florø hamn KF	

Innspel frå Florø hamn til nye styremedlemmer og ny dagleg leiar i Måsholmen Utvikling AS

Innstilling frå styreleiar:

1. Styret i Florø hamn ber delegatane til generalforsamlinga til Måsholmen Utvikling AS, om å velje ny dagleg leiar for Måsholmen Utvikling AS og at det vert valt to nye styremedlemmer for styret.
2. Styreleiar i Florø hamn får mandat til å starte sondering etter aktuelle kandidatar, som må vere klart til ordinært styremøte i Florø hamn KF 2. september 2026, for innstilling til generalforsamling i Måsholmen Utvikling AS.
3. Eventuelle økonomiske konsekvensar må inn i budsjett for 2027.

Bakgrunn for saka:

I samband med habilitetssaka rundt Måsholmen, vart ein gjort oppmerksam på av kommunedirektør at dagleg leiar av Florø hamn KF, Linda Midtbø, har ei dobbelrolle som kan vere problematisk med tanke på habilitet. Dette er at ho som hamnesjef (offentleg tenestemann) lagar saksunderlag/sakshandsaming til hamnestyret, samtidig som ho er dagleg leiar og styremedlem i Måsholmen Utvikling AS.

Saksopplysningar:

Forvaltningslova seier følgjande om habilitet:

§ 6.(habilitetskrav)

«En offentlig tjenestemann er ugild til å tilrettelegge grunnlaget for en avgjørelse eller til å treffe avgjørelse i en forvaltningssak

- a. når han selv er part i saken;
 - b. når han er i slekt eller svogerskap med en part i opp- eller nedstigende linje eller i sidelinje så nær som søsken;
 - c. når han er eller har vært gift med eller er forlovet med eller er fosterfar, fostermor eller fosterbarn til en part;
 - d. når han er verge eller fullmektig for en part i saken eller har vært verge eller fullmektig for en part etter at saken begynte;
 - e. når han leder eller har ledende stilling i, eller er medlem av styret eller bedriftsforsamling for
1. et samvirkeforetak, eller en forening, sparebank eller stiftelse som er part i saken, eller
 2. et selskap som er part i saken. Dette gjelder likevel ikke for person som utfører tjeneste eller arbeid for et selskap som er fullt ut offentlig eid og dette selskapet, alene eller sammen med andre tilsvarende selskaper eller det offentlige, fullt ut eier selskapet som er part i saken.

Likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet; blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til. Det skal også legges vekt på om ugildhetsinnsigelse er reist av en part.

Er den overordnede tjenestemann ugild, kan avgjørelse i saken heller ikke treffes av en direkte underordnet tjenestemann i samme forvaltningsorgan.

Ugildhetsreglene får ikke anvendelse dersom det er åpenbart at tjenstemannens tilknytning til saken eller partene ikke vil kunne påvirke hans standpunkt og verken offentlige eller private interesser tilsier at han viker sete.

Rekkevidden av annet og fjerde ledd kan fastlegges nærmere ved forskrifter som gis av Kongen.»

Det er bedt om juridisk rådgjeving frå Samfunnsbedriftene (Norske Havner), der Florø hamn KF er medlem. Etter å ha gått over regelverket, aksjeavtalane og vedtektene for alle tre selskapa (inkl. Florø hamn), er dei klar på at hamnesjefen er automatisk inhabil etter FVL §6, avsnitt e, punkt 2 som tilsett i kommunen når det gjelder å utarbeide saksunderlag m.m. til hamnestyret.

Dei seier og at styremedlemmer i Måsholmen Utvikling AS som samtidig sitter i hamnestyret, ikkje kan vere med å sakshandsame strategi, økonomi m.m. på eigarnivå. Dvs. at også Oscar Bergheim må fråtre hamnestyret når Måsholmen vert drøfta, så lenge han sitter i styret i Måsholmen Utvikling AS.

29.juni fekk styreleiar e-post frå hamnesjef:

Eg melder med dette at eg trekker meg som dagleg leiar og styremedlem i Måsholmen Utvikling AS så fort vi får ein erstattar på plass. Det same gjeld for styret i Skipskraft AS. Fram til det er på plass kjem eg ikkje til å jobbe med saksunderlag m.m. knytt til Måsholmen Utvikling AS og Skipskraft AS. Gjer merksam på at revidert investeringsbudsjett (som inkluderer endringar knytt til Skipskraft AS) skal handsamast i hamnestyret 02.09 (og kan ikkje utsettast mtp gjeldane fristar). Vi treng også å finne ein erstattar for Oscar (eg har allereie informert han om saka over telefon).

(E-post i sin heilheit ligg vedlagt saka)

Vurderingar:

Det er gjort ei rekke juridiske utgreiingar og drøftingar knytt til Måsholmen Utvikling AS utan at denne habiliteten har blitt fanga opp. Ein har vore obs på habilitet inn mot kommuneadministrasjonen sentralt og byggesak/planavdelinga, men ikkje kopla at det gjeld sakshandsaming til hamnestyret også når hamnesjef/ styremedlemmer er utpeika til å utøve eigarskapet i selskapet på vegne av Florø hamn KF.

Det er viktig å sikre vidare oppfølging i Måsholmen Utvikling AS, og styret i Florø hamn KF må finne ny dagleg leiar og styremedlemmer til Måsholmen Utvikling AS.

Økonomiske konsekvensar:

Ein må nok pårekne utgifter til både dagleg leiar og styremedlemmer om dette må leigast inn eksternt.

Vedlegg:

Florø hamn KF, Måsholmen Utvikling AS og Skipskraft AS - roller